

Vit og tru av Ivar Aasen

Me høyra stundom so stort eit ord
um alt som folk tykkjast vita
um liv og lagnad, um himmel og jord
og alt, som mann kann gita.
Eg ottast, alt, som me vita fullt,
Er litet mot alt, som fyr`oss er dult.


Eit frækorn fell av eit tre i mold,
det sjølv til eit tre seg lagar
med diger stuv og med fager koll,
som høgt i vinden svagar.
Kven vilde vel tru, når han ikkje såg,
At alle den kraft inn-i frækornet låg?

Me sjå kring um oss eit liv so rikt,
i tusund skap det seg rører.
det unge dyr er det gamle likt,
og lystig sitt det liv det nører.
Kvat er detta livet? Kor kom det der,
Og kvar verd det av det, når ut det
fer?

Me sjå ei sol, som sender oss dag
og jamstødt søkker og spretter.
Det gjenger kvart år med same lag,
med vår og sumar og vetter.
Kor lenge gjekk det vel so som no?
Kor lenge skal det val ganga so?

Me sjå uti rømdi so stor ein kring,
der stjerner i natti yrja;
og vetterbrauti stend som ein ring,
der framand himlar byrja.
Seg er der vel einstad ein ende på?
Og kvat er so utanfyr`den enden då?

Nei, vesle vitet det rekk ikkje til.
ei tru må stydja upp under,-
ei tru, som trøysta og styrkja vil
i myrke, stormande stunder.
Eg vonar, den visdomen hjeper mest,
som med slik ei tru kunde semjast
best.



Nubbevatnet i Bergen, november 2007. Foto: Yngve Skogseide

Etter fem år vart det fem nummer...

Som vanlegt hev Målmannen eit variert utval, med både historiske, språklege, politiske, musikalske og naturvitskapelege artiklar. Me kann helder ikkje fri oss frå å koma med eit språkpolitisk spark, no som dei leidande byråkratane i Språkrådet atter ein gong vil føra nynorsken nokre steg nærare bokmålet. Målmannen er i dag det einaste språkpolitiske organet som stend sjølvstendig andsynes styresmaktene og det statsfinansierte mållaget.

Det nummeret du no held i hendene er det femte nummeret som hev kome ut på under eit år. Ein liten historisk rekord for eit blad som vårt. Jamvel um det hev vorte eit nummer ekstra for pengane, held me oss til den låge prisen på 150 kr for året. Men ei liti eller stor gåva set me alltid pris på. Ein giro for neste års bladpengar er stifta inn i bladet.

I dette nummeret:

Kenneth Kiplesund:	“Jeg er hos Gud i Naade” - Hans Nielsen Hauge si jolesalma	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Høgnorsken let seg ikkje normera burt	s. 3
Lars Bjarne Marøy:	Fyrste bandet av saga åt slaveriet	s. 4
Lars-Toralf Storstrand:	Jolastemming	s. 8
Thoralf Bergwitz:	Tusundårsskiftet og ein uavhenta lottokupong	s. 10
Olav Torheim:	Kvantemekanikken i kvardagen	s. 11
Olav Torheim:	Makti attum makti	s. 13
Thoralf Bergwitz:	Kven er det vondt viljande mennesket?	s. 15
Lars Moe:	25 år med vikingrock	s. 16

“Jeg er hos Gud i Naade” - Hans Nielsen Hauge si jolesalma

Av Kenneth Kiplesund

På nummer 77 i Norsk Salmebok stend ei salma med titelen «Jeg er hos Gud i nåde». Forfattaren åt denne salma er den kjende preikaren Hans Nielsen Hauge. I dette vesle stykkjet skal eg taka fyre meg litt um bakgrunnen til at denne salma vart skrivi.

Hauge reiste land og strand ikring for å preika og for å prenta og binda inn bøker som han sjølv hadde skriva. I november og desember 1799 hadde han teke turen til Sud-Trøndelag, han heldt seg mest i Trondheim og traktene ikring.

I Trøndelag, som elles i landet, hadde Hauge store luter av presteskapan og lensmannsstanden mot seg. Dei skulda Hauge for å brjota Konventikkelpakaten, og for lausgjengeri. Soknepresten i Melhus, Hans Eriksen Steenbuch og biskop Johan Christian Schönheyder, sytte for at Hauge laut møta til avhøyr. Dette gjekk fyre seg 16. desember på garden hans Steenbuch. Her laut Hauge m.a. svara på spørsmål i katekisme- og kristendoms-kunna, noko han greidde med glans. Same kvelden vart Hauge og ein annan haugianar-preikar, Lars Hemstad, arrestera av lensmannen i Melhus. Lensmannen frakta Hauge til Meldal. Det var meiningi at lensmannen der skulde frakta Hauge vidare til Trondheim, men han neitta å gjera dette. For å ikkje setja lensmannen i ein vanskeleg situasjon, gjekk Hauge for eigen maskin til Trondheim. Her vart han sett i rådhusarresten. I dag stend Trondheim folkebibliotek på staden denne arresten i si tid stod. Med kvart vart Hauge frakta til Leinstrand, anneks til Melhus. Her vart det halde eit rettsmøte. Det var kalla inn 36 vitne, alle hadde berre godt å segja um Hauge. Likevel vart Hauge send attende til rådhusarresten. Der kom Hauge på jolaftan, og han laut soleides feira jol i fangenskap.

Men Hauge let seg ikkje knekkja av dette. Han nytta jolekvelden til å skriva brev. Eitt brev gjekk ut til veneflokkane rundt ikring i landet, eit anna til tri haugianarar som sat i fengsel i Christiania. Dette var dei fyrste fengsels-brevi hans. Det som gav Hauge mest sorg, var at det no ikkje vart moglegt for honom og Hemstad å vitna for folk i jolehelgi: «Nå i julen kunne vi vitnet for mange, dog gleder det oss at noen her og er i kraft som taler i samlinger likevel, så fiendene er urolige, klager over at det er for sildig å få utryddet dem av vårt sinn; ti om de fanger en, så blir det mange i hans sted» (sitera etter Sverre Nordborg: Hans Nielsen Hauge, band 1; side 170). Endå so dårlege kår han hadde i

rådhusarresten, greidde Hauge å kvila i at Gud hadde omsut for honom og dei hine som var fengsla. Han vitna um dette i salma han skreiv denne jolekvelden. Her fylgjer heile teksti slik ho vart prenta i skriftet Kristendommens Lærdoms-Grunde (sitera etter A. Chr. Bang: Hans Nielsen Hauge og hans samtid):

*Jeg er hos Gud i Naade,
hvad skader Verden mig?
lad kun den store Vaade
alt bruse med sin Svig
og mit Legeme binde
ind i det inderste Hul,
saa skal dog Aanden vinde
og holde glædelig Jul*

*Vi hører, Mange raaber
om en glædelig Fest;
men de daarlige Taaber,
de mener, den er bedst,
naar de Kjødet følger
i all Vellystighed
og saa Sandheden dølger,
som straffer deres Leg*

*Thi se, de arme Sjele,
som vel med Munden ler,
maa dog i Hjertet bæve,
naar som de Lyset ser
udi Guds Børn alle,
der hjertelig glæder sig,
med aandelig Taler
priser Gud hjertelig*

*Den onde Flok bespotter
dem, som følger Guds Bud,
og ser dem an med Latter,*

*der glæder sig i Gud;
thi de kan ikke kjende
Guds søde Kjærlighed,
men blindt i Synden rende
udi Afgrunden ned*

*Men Gud han haver lovet
sine Børn at udfri,
som her haver vovet
at træde Sandheds Sti
og ikke lade sig drage
af noget Falskheds Skin
eller at se tilbage
paa Verdens syndig' Trin*

*Derfor I Sødskende alle,
som vil arve Himmelrig,
lader Edere behage
at stride Mandelig, -
ikke lade sig bedrage
af Verdens falske Aand
eller med Frygt indtage
af deres Trudslers Baand*

*Guds Naade dertil styrke
og staa os mægtig bi,
saa vi ham ret kan dyrke
og følge Sandheds Sti,
at vi nu alle Dage
kan med forenet Sind
os ganske selv forsage,
i Himlen trænge ind.*

Som lesarane kann sjå, er den versjonen som i dag stend i salmeboki stytta mykje ned, og teksti hev gjenge gjennom tollegte mange revideringar. Det kann difor vera forvitnelegt å sjå korleides Hauge sjølv skreiv salma.



Senter
mot
antisemittisme

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

Høgnorsken let seg ikkje normera burt

Av Lars Bjarne Marøy

Tidleg i oktober gjekk det fyre seg eit ordskifte kring nynorsknormalen i avisone Bergens Tidende og Dag og Tid. Språkrådet, som visst enno heiter so - jamvel um det hev vore freistnader på umdøyping og umskipping, er ute med nye utspel um korleis nynorsken skal vera. Rådet meiner det er uråd å koma undan at Kulturdepartementet ikkje vil godtaka ei løysing med hovud- og sideformer i nynorsken. Det er ikkje so rart, for statsråd Lilletun avskipa i si tid godkjenningsskipnaden for lærebøker. Det er soleis uråd å tala um ein "læreboknormal" i dag. I teorien kann kvart forlag gjeva ut nynorskbøker på den rettskrivingi dei skulde ha hug til.

Men no er det diverre ikkje so mange som er upptekne av å gjeva ut lærebøker på ein nynorsk som er serlegt avvikande frå gjenomsnittsnynorsken. Den nye tanken um ei avvikande rettskriving, der ein kort og godt ser burt frå heile nynorskordlista, hev neppe sett seg nokon stad. Noregs Mållag hev sagt noko slikt som at:

-Ein vil halda på nynorsken med læreboknormal, der det er skilje millom hovudformer og sideformer.

-Samstundes hev dei opna for at Språkrådet kann rydja upp i inkonsekvansar (fylgjebrøt), kutta sideformer som er lite i bruk og som hev lite grunnlag i talemål og skrifttradisjon.

Det som er praksis og som sume medvitne målfolk trulegt ser fyre seg, er at det leidande nynorskforlaget, Det norske samlaget, jamt og samt hev nytta dei aller mest bokmålsnære formene som er tilgjengelege innanfor læreboknormalen, og kjem trulegt til å halda fram med det. Samlaget hev, som dei skreiv til Vestlandske Mållag ein gong på 1990-talet, lang tradisjon for å nytta ein bokmålsutblanda nynorsk. Um dei nedgraderte bokmålsformene vert opphøgde til jamstelte former, må ein soleides rekna med at desse bokmålsformene kjem til å snika seg inn i den nynorsken som elevane lyt lesa og læra i skulen.

Ein skulde soleides tru at me høgnorskarane kunde vera best tent med at stoda vert verande slik som ho er. Ein revisjon frå Språkrådet kjem til å føra til press um meir bokmålsgoods i nynorsken. Fåe kjem til å verja høgnorskformene, og ukunnige og rangviljuge språknormerarar vil neppe gjeva noko som helst for å strjuka i-målet med eit pennestrok.

Men jamvel um endå fleire høgnorskformer skulde verta fjerna frå det som vert rekna for offisiell nynorsk, er det som nemnt ingenting som hindrar einkvan frå å gjeva ut lærebøker på høgnorsk. Det er ein tankekross

som gjer at heile normeringsspursmålet kjem i ei klemba.

Dei som styrde normeringi i 1938 og 1959 skapte fylgjebrøt og uforstålege veksingar millom ulike bøygningsformer. Når ein skal gjera noko med desse fylgjebrøti, etter at dei hev vorte godt innarbeidde i rettskrivingi, vert det heilt rangt fokus å byrja å skuva ut former som faktisk er yversynlege og fylgjerette, men som samnorske språkplanleggjarar helst såg var utdøydd for 70 år sidan.

Ørvæna med 1959-rettskrivingi slo sers ille til av di det nett etter 1959 var ein heil ættled med bygdeungdomar som for fyrste gongen skulde ut og ha vidaregåande utdanning. Desse ungdomane hev dyrka ei blanding millom bokmål og dialekt, og ikkje ei nynorsk norm.

Innanfor bokmålet ser folk skilnaden på talemål og skriftmål, og dei godtek skriftnormi som yverordna. Men innanfor nynorskklægret hev det derimot vorte tradisjon å dyrka dei talemålsformene som bryt med skrifttradisjonen. Likevel hev det i dag gjenge so langt at dialektaktivistane frå 70-talet, Turid Kleiva og Aud Søyland, ottast for at dialektlina er ei tapt lina:

"Nynorsbrukarar er også eksponerte for veldig mykje bokmålsnært talemål gjennom media og fordi folk flyttar og reiser mykje. Den urbane kulturen, språket medrekna, har stor gjennomslagskraft i dag. Ein kan ikkje rekne med, som på 70-talet, at ungdom frå bygdene som reiser til byen for å studere, snakkar dialekten sin, heller ikkje når dei kjem heim. Og nynorsk - nei, bevare meg vel. Kan nokon tru at dette har med rettskriving å gjere?" (Dag og Tid, primo oktober 2007)

Det høyrest mest ut som at bygdekulturen er det einaste som høyrer saman med nynorsken, og at dersom folk flytter frå landsbygdi so er det ein nynorskbrukar mindre att, jamvel um dei kjem attende til bygdi. Kleiva og Søyland meiner dette ikkje hev noko med rettskrivingi å gjera. Men kva hev dei og deira dialektaktivistar gjort? Jau, dei hev gjort det slik at rettskrivingi og nynorsken ikkje lenger er eit kollektivt prosjekt, men eit prosjekt for kvar einskild: Du skal halda på dialekten din og bruka nynorsk, er bodskapen til målrørsla. Og du skal for all del skriva det talemålet som ligg nærast *din* dialekt. Dette gjer i røyndi nynorsken til ei privatsak for folk som hev den rette bakgrunnen til å verta nynorskbrukar.

Høgnorskprosjektet er derimot eit kollektivt prosjekt. Ein skal bruka høgnorsk av di det er det norske målet som hev tusund års rot i Noreg. Høgnorsk er ikkje noko prosjekt for

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:
Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

den einskilde. Det er eit prosjekt for dei som er kunnige og viljuge til å nytta målet best mogleg både i skrift og tale. Det er berre gjennom å stå saman med andre nynorskbrukarar, både um skriftmålet og talemålet, at nynorsken kann ha nokor framtid. Dersom alle skal ha si eigi rettskriving, vert det uråd for den breide massen å læra seg målet. Og endå viktugare, utan ideal for kva som er god nynorsk målføring vert nynorsken degradert til ein dårleg kopi som berre skaper masse bry for språkbrukarane med di han heile tidi er markert avvikande frå det som vert den røynelege mælestaven på nøytral språkbruk, bokmål.

Dersom ein verkeleg er so lite optimistiske som dialektaktivistane Søyland og Kleiva, so kann ein vel likso godt berre slutta å arbeida for nynorsken? Det bør iallfall vera ein sterk tankevekkjar for mange at det finst nynorskbrukarar som ikkje ser nokor framtid for nynorsken. Det berre viser at høgnorskrosla må styrkja seg. Me frå vår kant, skal gjera so godt me kann for å hevda høgnorsknormi som den framtidige rettskrivingi.

Nett når bladet skal prentast, fær me høyra at Språkrådet visst nok skal ha vorte instruera til å venta med å setja i gong normdiskusjonen, til dess at Kulturdepartementet legg fram ei språkmelding. Denne stortingsmelding i kjem ikkje fyrr til våren. Dette nyhendet hev ikkje vorte stadfest frå Språkrådet, so me må koma attende til saki seinare.

Fyrste bandet av saga åt slaveriet

Av Lars Bjarne Marøy

Slaveriet hev ei saga i Noreg

At Noreg skulde vera involvert i kolonisering og slavehandel er vel nokso framandt for dei fleste nordmennar å tenkja på i dag, men det var me faktisk på 1600-talet. Det dansk-norske samveldet var ei stor sjømakt, og det var soleis ikkje rart at ein kunde verta involvert i ei av ei viktigaste næringane i verdssamanheng på denne tidi.

I 1673 gjekk fartyet "Cornelia" ut frå Bergen med kurs for "Dend guineische guld og slawe Cust". Skipet var ått av Else Hansdatter Montagne frå Bergen, men andre interessantar hadde lagt pengar i ekspedisjonen.

Ved den danske utposten i Vest-Afrika henta pinassen 103 slavar og frakta deim yver Atlanten til St. Thomas i Dansk Vestindia. Skuta var armert med 24 kanonar. Væpningi var livsviktig, for i farvatnet utanfor Afrika vart det drive mykje med kaperverksemd. Else Hansdatter Montagne var dotter av Hans Hansson Schmidt, byen sin tidlegare borgarmeister. Han hadde truleg medeigarinteressa i ekspedisjonen.

Utanfor Cuba ligg Møydomsøyane, eller Virgin Islands. Danmark/Noreg yvertok St. Thomas frå England i 1670, St. Jan vart kjøpt i 1684 og St. Croix frå Frankrike i 1733. Me bygde oss altso upp landeigedomar i tilknytning til slavehandelen. Då det dansk-norske samriket skulde kolonisera St. Thomas i 1671, var det fåe som melde seg friviljukt. Statsmaktene henta difor fangar frå Bremerholm og kvinnor frå Spindehuset i København, og frakta deim um bord på skuta "Færø". Ho var i so dårleg stand at skipparen måtte inn til Bergen for reparasjonar. Her nytta fangane høvet og stakk av.

I januar 1672 byrja "Færø" på turen sudyver, men no med 190 festningsslavar um bord, mange av deim frå Bergenuhus. Dei som ikkje døydde på ferdi, bukka raskt under i det framande klimaet. På slutten av året var færre enn 50 enno millom dei levande, og det var ikkje på grunn av dårleg handsaming. Ein må tenkja seg att fangane var verdfulle for dei som hadde deim med seg. Ein frakta ikkje menneske yver store avstandar utan at det var av di dei skulde vera nyttig arbeidskraft.

Styresmaktene innsåg at her nytta det ikkje med kvit arbeidskraft. Det er då Else Montagne ser fyre seg eit høve, og søkjer kongen um å få rusta ut ekspedisjonen til den danske utposten på "Slavekysten". I

1673 set vesle "Cornelia" kurs for Vest-Afrika. Dette var byrjingi på ein 100 år lang dansk-norsk slavehandelsperiode, der Jørgen Thormøhlen òg vart engasjert i 1690. For honom vart dette eventyret ein økonomisk katastrofe, og enda med dundrande konkurs. (Bergens Tidende 7.11 2004)

Dick Harrison med ny storproduksjon

Denne innleidingi syner oss at Noreg hev vore ein part av slavehandelen. Slavehandelen høyrer med til vår eigi fortid og saga, men korleis ser saga um slavehandel ut frå dei tidlegaste tider og fram til i dag? Dette er spørsmål som historikaren Dick Harrison er uppteken av. Denne mannen som aldri let til å trøytna på å skriva mursteinsbøker. Det seinaste året hev Harrison gjeve ut *Slaveriets historie 1* og romanen *Ufård* som han jamvel hev bruka 19 timar på å lesa inn på band. Og nett i skrivande stund er *Slaveriets historie 2* på veg ut i butikkane i Sverige. Boki vert ikkje lansert i Noreg, so vidt eg veit. Det er i seg sjølv eit teikn på at norske forlag og fagmiljø ikkje hev fatta kva slags kapasitet Dick Harrison er. Dei siste tri bøkene til Harrison rømer ikkje mindre enn kring 1600 sidor. Eg undrast kva for ein norsk historikar i Noreg etter Halvdan Koht som hev makta noko liknande. Desse siste tri bøkene kjem på toppen av ein haug andre tjukke bøker. Harrison let til å vera i stand til å skriva mest ustoppande og sers lett.

Um volumet til Harrison er stort, so vil ikkje det segja at han er vanskeleg tilgjengeleg, snarare tvert om. Han opnar dører heile vegen og han fylgjer lesaren som ei mor eller ein far fylgjer barnet sitt til skulen dei fyrste dagane i skuleåret. Innimillom historiografiske framstillingar kann Harrison draga ut einskildscenar og einskildlagnader og dramatisera deim gjennom å føra lesaren inn i livet deira. Innleidingi til *Slaveriets historie 1* er karakteristisk på den måten. Han innleider med å skildra ein engelsk sjøkaptein. Han skriv at kapteinen truleg var eit godt menneske som Harrison vilde ha lika. Han vilde truleg ha vore glad i blomar og so vidare. Akkurat då me trur at Harrison hev prata seg burt, kjem han fram til poenget. Sjøkapteinen driv med slavehandel, og so hev me kome inn i sjølv emnet og Harrison kann bruka innleidingi til å koma vidare i framstillingi. Det er berre det at lesaren hev kome inn i livet til ein person. Lesaren hev fenge eit inntrykk av kva fenomenet slavehandel innebar i prak-

sis, og det er slike grep som gjer at Harrison meistarar å skriva medrivande, samstundes med at han maktar å lyfta dei fenomenen han skriv um upp på eit høgt fagleg nivå. Det er ei makalaust fin evna, og den presise og grundige gjennomgangen hans lyfter Harrison langt oppyver bestseljande heil- og halvamatørar i sogefaget. Harrison er ein bestseljande kvalitetsforfattar.

Slaveumgrepet

I byrjingi av boki peikar Harrison på at slavehandel er eit eintydelegt negativt umgrep. Jamvel krosstogsromantikarar, slumromantikarar og millomalderromantikarar finst det, endå um fyrelekkane er sers lite positive, men det finst ikkje nokon slaveromantikar. Slavehandel er rett og slett eintydelegt negativt, og det er so lite politisk korrekt å forsvara slavehandel i notidssamfundet at det snaudast kann tenkjast at nokon vil kunna vinna fram med det i vår levetid. For eigi rekning høyrer eg fyre meg umgrep som sexslave og slavekontrakt og liknande frå norske media, ikkje serlegt opplyftande termar mildt sagt. Slavehandelen som nøytral term er gravlagt ein gong for alle. Men det er ikkje noko uvanleg med slavehandel historisk sett. Det er snarare det vanlege at ein bruka slavar. So lenge ein hev skriftlege kjeldor hev ovringi eksistert. Det er fyrst dei siste tvo hundrad åri at fenomenet hev vorte negativt lada og ikkje nøytralt slik det var fyrr.

Etter at me kann slå fast at umgrepet er negativt, kann me vidare slå fast etter Harrison at umgrepet slave i medvitet vårt er knytt til svart hudfarge. Me tenkjer snøgt på Onkel Toms hytta eller fjernsynsserien *Røter* når me ser fyre oss ein slave. Bomullsplantasjar og slavar i Sambandsstatane vert snøgt knytte i hop. Men det er ikkje upplagt at slavehandelen historisk sett skulde vera knytt upp til svart hudfarge. Det hev tvert imot funnest slavar med alle typar hudfarge. Harrison tek fyre seg slavehandelen frå dei

Høgnorsk

Målet som ikkje vil døy:

<http://sambandet.no/ordlista>
<http://sambandet.no/grammatikk>

tidlegaste tider millom sumearane, via antikken gjennom millomalderen og gjeng gjennom fleire heimsluter: Afrika, Asia, Midt-Austen, Europa og Amerika. Yveralt finst det slavehand i ulike former. Det er ikkje berre Afrika og Amerika som er ein-erådande, slik ein kunde tru i samtidi.

Men når det gjeld ideen um slaven som ein person som hev svart hudfarge, so er det ingen tvil um at forskarane hev forsterka denne tokken. Det hev vore rikelegt av kjeldor på slavehandel i Sambandsstatane. Sambandsstatane er som Harrison peikar på kulturelt dominerande, engelsk er eit dominerande verdsspråk, og den amerikanske slavehandelen ligg nær oss i tid. For eigi rekning vil eg leggja til at det snaudast finst so mange ressurssterke personar med ulik afrikanske bakgrunn som i Sambandsstatane. I den grad dei vil skriva si saga, noko som det ligg naturleg til rettes for, so hev dei større økonomisk evna til å få det til. Det er dyrt å gjeva ut bøker og å driva forskning. Ein må dessutan rekna med at dei hev det største samlande arkivmaterialet um emnet. Der imperialismaktene kløyvde Afrika, samla slavehandelen i Sambandsstatane menneske med afrikanske røter.

Harrison viser also til at det er gjort mykje arbeid um slavehandel i Sambandsstatane og i tilknytning til perioden millom 1500- og 1800-talet. Det er òg vorte gjort ein god del arbeid kring slavehandel i antikken, men elles er framstillingi av slavehandelen si saga sers slumpesamt handsama. Det er store og og merkelege holrom inimillom nokre djupdukk i detaljar. Det blømde i lange tider slavehandel ved kystene til det indiske havet, men kjeldone til og forskingi kring dette slavehaldet, er ikkje utgranska på langt nær so mykje at ein kann jamføra det med slavehandelen yver Atlanterhavet. India, Kina, Midt-Austen og slavehandelen i millomalderens Europa er alle ovringar som er lite utgranska.

Harrison er skeptisk til dei som fordømer og avviser slavehandet utan å studera kvifor det uppstod og kva funksjon det fylde og kva meining det gav for folk i samtidi. Fenomenet må ikkje berre verta redusert til ein negativ historisk visjon. Skal det lukkast å verta kvitt det som finst av slavehandel i dag, må ein tvert um problematisera slavehandelen og studera korleis han hev funksjonert oppigjennom tidene.

Ei rad forskarar hev freista å definera fenomenet og ordet slave. Harrison peikar på at han finn tri drag som alltid kjem inn når ein skal definera slaven. For det fyrste

er slaven ikkje å sjå på som eit menneske, men som ei vara som kann seljast og kjøpast. Vedkomande hev ikkje rett til å vera ein eigen person reint juridisk. Andre menneske hev vore eigedomslause, men slaven eig ikkje ein gong sin eigen kropp. Ikkje berre kann slaven kjøpast og seljast, men òg straffast av eigaren.

Harrison meiner denne definisjonen hev ein veikskap med at at det kann vera vanskeleg å forklåra kva som er å eiga. Ulike kultur hev forskjellige eigedomsumgrep. I sume kulturar er det uforståeleg at ein kann eiga en ting, eit jordstykkje eller eit menneske. I andre kulturar er eigedomssretten gradert. Sjølv i vår kultur er eigedomssretten problematisk. Me kann vera deleigar, leiga, leasa og liknande. Ein fotballspelar som vert selt frå klubb til klubb er på sett og vis òg ei vara, men ingen vilde koma på å kalla ein fotballspelar for slave. Det å eiga ein person kann difor vera forskjellige ting utfrå kva forfedrane våre hev meint med det.

For det andre brukar ein å leggja vinn på at slaven er ein framand, ein person som saknar ein gjeven plass i eit familiebasert sosialt nettverk. I visse system stend slaven og etterkomarane hans for alltid utanfor det sumfundet dei arbeider i, dei er permanente framandfolk, medan det i andre opne samfund skjer ein gradvis integrasjon av slavar, slik at dei til dømes vert frie.

For det tredje meiner Harrison at det ofte vert fokusert på at slaven vert slave på bakgrunn av eikor slags form for vald, og utan trugsmålet um endå meir valdsbruk, kann ikkje slavesystemet funksjonera. All ufridom byggjer på trugsmålet um konkret maktutøving. Dimed er det ikkje sagt at slaven alltid vil verta dårleg handsama og må lida under ævlegt vinande piskor, men utan vald skulde fleirtalet av slavar fyrr eller seinare leivna eigarane sine og søkja etter eit liv i fridom.

Harrison gjeng grundig til verks i boki og segjer alltid innleidingsvis at han kjem til å koma inn på samfund der definisjonsvariablane ovanfor ikkje kjem til å fungera. Harrison er ikkje uppteken av å få ein modell eller ein definisjon til å gå upp. Det er viktigare å få fram dei ulike fenomenen slik dei ovra seg. Folk hev vorte so fatige at dei hev vore nøydde til å verta slavar. Andre hev vore frie, men vorte tvinga til tvangsarbeid. Grensa millom å vera fri og å vera ufri er soleis flytande og vanskeleg å draga. Når ein kjem til det arbeidet som slavane hev gjort er det serleg tvo typar: anten er det jordbruksarbeid eller anna utarbeid i gjen- gar av slavar, eller dei hev vore husslavar

Målmannen i Dag og Tid

Ragnar Hovland hev lese Målmannen og funne eit stykkje um skodespelaren og kampidrottsmannen Chuck Norris som han likar. Dette skriv han um i avisa Dag og Tid. Takk for gode ord, Hovland. Norris er framleis under- vurdert av Dag og Tid, men det er eit godt teikn at dei i alle fall hev oppdaga at han finst og kann umtalast på nynorsk. Tenk berre på kva denne mannen hev gjort for karatesporten i USA. Nokon burde læra seg å setja pris på at ein mann vil sparka narkotikaen ut or USA. Det er ikkje noko lite prosjekt, men Chuck hev sett det i gong. Det er perspektivet han må sjåast i.

Hovland vert sitert av oss nedanfor:

"Høgnorskbladet "Målmannen" kjem stundom i min veg, noko som alltid er til glede og kveik. For oss heidersmenn er det kanskje ikkje så mange overraskingar å finne, men i det siste nummeret, omgjeven av artiklar som "Dvask mangfeldeungdom", "Kva meiner NMU um Israel" og "Ryjarbit og andre gamle stadnamn i Oslo", slår Lars Bjarne Marøy til med ein artikkel om mannen bak Walker Texas Ranger, "Chuck Norris - kampidrottsformidlar." Under- teksten er, slik eg les det, at kampidrotten no må inn i høgnorsk- rørsla. Marøy skriv m.a.:" Det som derimot ikkje vert veikare gjennom serien, er den evna Walker hev til å taka harde og nådelause oppgjerder med skurkar. Serleg kjend er Chuck Norris for dei roterande hælsparkane sine. Dei avsluttar dei fleste diskusjonar." Vi er vel mange som kan skrive under på at dette ikkje er blitt veikare gjennom åra, og som itillegg skulle ønskje at vi kunne avslutte diskusjonar på same vis."

Dvergemalet

hjá eigaren. Husslavehandet hev alltid vore utbreidd mange stader og til ulike tider. Sume slavar hev vorte administratorar, slik som slavane til sultanen i Konstantinopel eller mamelukkane i Egypt.

Slavehald og Afrika

Slavehandel heng saman med at det finst arbeid som må utførast, men som folk ikkje ynskjer å utføra. Der det er god tilgang på jord, vil dei som skal arbeida på jordi måtte tvingast til det. Dei kann då reisa og finna seg jord til seg sjølve heller enn å arbeida for ein annan. Forskarane hev diskutera um Afrika utgjer eit undantak. I lutar av Afrika hev det vore lite tilgang på jord. Det kann soleis sjå ut som at det er viktigare å få kontroll yver menneske enn å få kontroll yver jord. I mange regionar i Afrika var jordi snøgt utbrend, og det var ikkje jamn tilgang på nedbør. Anten fekk ein ikkje regn i det heile eller so kom det regn i yverflod. Det tropiske klimaet fremja framvoksteren av skadedyr som gjorde det heile verre. Å halda buskap, fiska og driva jakt kunde vera vel so effektive verksemder som leveveg i Afrika som det jordbruket var. Jordi var ikkje nokon trygg verdemælar, slik som i til dømes Europa, der jord var ei god investering. Den menneskelege arbeidskrafti var derimot langt meir verdfull. Same um ein dreiv med fiske, jakt, buskaphald eller jordbruk, trong ein folk til å arbeida for seg. Det var meir gjevande å slåst for å skaffa seg slavar enn for å skaffa seg jord som kunde vera ei sers uviss investering når ein fekk uår.

Det var dessutan liti utvikling på jordbruket sud for Sahara. Folk hadde ikkje lært seg til å bruka ploegen. Det gjorde det uråd å driva intensivt jordbruk. Når ein dreiv jordbruk med hakka og spade, kravde det større område og produserte mindre korn. Den teknologiske mangelen gjorde det naudsynt for jordeigaren å ha godt med arbeidarar på markene.

For det tredje fanst det meir jord sud for Sahara enn det fanst folk som kunde taka henne i bruk. Afrikanarane var fåe i høve til det landet dei budde på. Å taka kontroll med nye teigar (territorium) var relativt lett for ein afrikansk hovding, men han måtte kjempa hardt for å vinna kontroll med arbeidskrafti. Det var viktigare å få kontrollen yver ei gruppa menneske enn å få kontroll yver eit visst territorium. Det var difor det mest gagnlege for herskarane å driva med slavehandel for å løysa ubalansen millom jord og menneske til å arbeida på jordi.

Mange forskarar hev slege seg til tols med denne slutningi, men Harrison er ikkje



nøgd med slutningane. Han hevdar at historikarane hev teke i miss. Han meiner at det ikkje var upplagt at yverskot på jord og mangelen på arbeidarar skulde føra til slavehandel. Det var ikkje upplagt at Afrika skulde verta slavehandelen sitt opphavskontinent.

Det fanst andre alternativ enn å rida ut og fanga slavar, hevdar han. Ei mogleg løysing kunde vera å integrera arbeidsmarknaden med handteringi av lovbrutarar og utvikla eit system av straffangar. Eit anna alternativ kunde vera å få folk til å flytja frå eitt territorium til eit anna mot godtgjersla i form av i form av mat eller andre verdemyremål.

Det verkar vel konstruert å visa til andre løysingar frå Harrisons sida, men det er klårt at det var ikkje upp og avgjort at det skulde verta slavehandelen som skulde løysa skorten på arbeidskraft i Afrika. Det er likevel god grunn til å fokusera på dei faktorane som kunde føra fram til det som vart løysingi utan at ein tek løysingi for noko gjeve. På det viset meiner eg at Harrison hev eit poeng.

Slavar kom som oftast frå utlandet

Når ein ser etter fleire fyresetnader for slavehandel enn skort på arbeidskraft er kontakten med andre land og sivilisasjonar sers grunnleggjande. Det er fåe land som i utgangspunktet vil gjeva frå seg egne innbyggjarar til å verta slavar i andre land, i alle fall ikkje i tilknytning til krig og plundringstog. Å missa borgarar til utlandet og vita at dei gjeng inn i eit tilvære som slavar er ikkje noko som er gunstig for herskaren i eit land å vera med på. Slavetraffikken førde ofte slavane burt frå heimlandet til nye land

og rike der dei ikkje var kjende. Der hadde dei få høve, samanlikna med i heimlandet, til å verta frie eller til å få hjelp og sympati.

Det trongst nye laster av slavar etter at den fyrste generasjonen døydde ut, for det var dei færraste av slavane som ynskte å reprodusera seg medan dei framleis var ufrie. Hadde dei eit høve til å verta frie, vilde slavane venta med å få seg familie til dess dei vart frigjevne. Dessutan var det ikkje alltid like lett å få lik tilgang på kvinner og menn i dei rette alderskategoriane. I sume høve vilde ein til dømes berre ha kvinner til å vera husslavar og i andre høve ynskte ein gjengslavehandel med menn som skulde driva med hardt kroppsarbeid.

Det einaste dømet som Harrison kann finna på at slavehandel so og segja hev gjenge i arv er i sørstatane i Sambandsstatane. Dette er eit uvanlegt og einstaka tilfelle og ikkje noko mynsterdøme på korleis ufridomen var for fleirtalet av menneski som var slavar.

Slavehald i antikken

Slavehandel vert fyrst for ålvor framher-skande i Hellas omkring år 3-400 fyre Kristus. Grekarane kom med etter måten mange legitimerande orsakingar til at dei hadde slavar i samfundi sine. Dei variera frå tenkjar til tenkjar. Ei vidgjetei forklåring gjekk ut på at visse menneske frå naturen si sida var slavar. Av det fylgde tankegangen vidare at det var godt for deim å vera innanfor slavesystemet, og slaveigarane var like naturlege på eigarsida. Platon segjer ikkje dette rett ut, men det ligg implisitt i samfundssynet hans. Aristoteles gjer ingen løyndom av at han delar synspunktet. Slaven er etter Aristoteles ein ukse i men-

neskeham, og ufridomen er sanksjonert frå naturen si sida.

Den største arbeidsplassen for gjengslavehand i den greske verdi var sylvgruvone i Laurion på 400-talet fyre Kristus. Her kann det ha arbeidt so mange som 20 000 slavar. I år 413 førde ein Sparta-invasjon til massedrift og gruvone vart liggjande nede til dess gruve drifti kom i gong att for fullt i um lag år 330 fyre Kristus. Harrison dreg fram mange forvitnelege forteljingar og kjeldor, millom anna synerhan til ei forteljing um korleis Paulus sender attende ein slave til slaveeigaren sin. Paulus segjer at slaven hev vorte som ei bror for han og at han sender honom frå seg med vondt hjarta. Det skal vera råd å lesa inn at slaven hev rymt frå eigaren sin og truleg òg hev stole. Paulus vil kompensera for stulderen og vonar at slaven kann verta like kjær for eigaren sin som han hev vore for Paulus. Både slaven og slaveeigaren er kristne. Slaven hev vore i den kristne krinsen kring Paulus.

Slaveuppreistar i antikken

Det fyrste slaveupprøret me høyrer um frå truverdige kjeldor bar til i 198 f.kr. Det gjekk fyre seg ved Setia og historieskrivaren Livius fortel um det. Romarane hadde teke mange karthagiske krigsfangar under den andre puniske krigen. Fangane hadde militær bakgrunn og dei tidlegare militære leidarane deira var haldne i fangeskap rett attmed dei. I ettertid kann ein sjå at det var svært lite smart å samla på same stad folk frå ei etnisk gruppa som var stridsvande og nyss hadde tapt eit audmjukande slag. Når opprøret ikkje vart vellukka kom det seg av at tvo slavar sveik uppreistfolki og fortalde romarane kva som var på ferde. Det enda med at leidarane vart hekta, og 2000 mann vart straffa.

I tidi kring år 100 f.kr. kom det store mengder slavar til storgods i Sud-Italia og Sicilia. Korkje romarane eller grekarane hadde røymslor med slike mengder med slavar i jordbuksslavehald, serleg sidan det var slavar som var åtte av private menner. Tidlegare slavar hadde vore sette under kongar og hadde vore med på store byggjeprojekt og dilikt, men dette slavehandet var noko anna. Tusundtals slavar arbeidde no for yversjiktet av dei romerske innbyggjarane. Dei vart drivne fram i tog og i lekkjor og dei var brennmerkte av hjelpesmennene åt eigaren. Disiplinen var hard og han kunde utarta seg i eit valdelegt skrekkelde.

Store menger slavar hadde vorte sette til å vera gjetarar. Dei kunde koma seg fritt

ikring og hadde mykje fritid, men hadde ikkje nok mat til å greida seg. Dei vart nøydde til å plundra og rana folk for å yverleva og med kvart vart ferdavegane kring teigane deira utrygge. Kring år 135 endar dette tilstandet med at den fyrste kjende slavekrigen bryt ut.

Det er ingen slavar som hev fortalt um eit antikt opprør, so me veit ikkje mykje um korleis dei såg på det heile. Opprørsleidaren var ein syriar som vart kalla Eunous. Han var husslave. Han gjekk for å vera både ein trollmann og ein spåmann, og kor som er mange trudde på honom, og han var kjend millom slavane. Ein dag kom nokre uppreistmenner til Eunous og spurde um dei vilde lukkast um dei drap eigaren sin. Eunous sa at det kunde dei, men berre dersom dei slo til med ein gong. Eunous var leidar for ein slavearme som slo attende ein romersk arme på 8000 mann. Då Eunous og slavane til slutt tapte, var det denne gongen òg eit svik som avgjorde utfallet. Ein av slavane sleppte romarane inn i byen der dei hadde umlægra seg. Romarane slo ned alle uppreistmennene fullstendig.

Spartacus hev vorte ståande som ein sentral uppreistmann grunna filmen med same titelen. Denne uppreisten bar til i åri millom 73 og 71 f.kr. Åstaden var endå ein gong Sud-Italia, men ikkje på Sicilia, men derimot på fastlandet. Slavane var ikkje interesserte i eit eige rike slik som slavane i det tidlegare opprøret hadde ynskt. Dei ynskte derimot å venda heim til heimlandi sine. Dei greske historikarane Plutarkos og Appianos hev skildra den slaveuppreisten som Spartacus leidde. Båe historikarar legg vekt på at slaveeigarane var svært brutale, og utan denne brutaliteten vilde slaveuppreisten truleg ikkje ha bore til.

Det heile tok til med mindre revoltar frå gladiatorane, leidaren var Spartacus som stamma frå thrakarane, ei nomadestamme på Balkan. Spartacus bytte bytet frå herjingane sine likt millom dei som fylgde honom. Det førde til at mange nye tilhengjarar slutta seg til honom. Senatet måtte til slutt senda ut baa konsulane, Gellius og Lentulus, for å føra krig mot slavane. Slavane kann ha havt so mange som 100 000 mann under sin komando, um ein skal tru Appianos. Spartacus slo baa konsulane og vende seg mot Roma.

No var Roma i fære og det måtte setjast hardt mot hardt for å slå ned Spartacus. Macus Licinius Crassus var ein av dei rikaste mennene i Roma, og han vart sett til å føra krigen mot Spartacus til endes. Han fekk seks legionar til sitt rådvelde, attåt dei legionane som dei tvo konsulane rådde yver

fyre dei vart slegne. Crassus sende ut styrkar som skulde liggja bak Spartacus og stå reiduge til å slå til når Spartacus møtte motstand, men desse styrkane gjekk til åtak på Spartacus mot den ordren dei hadde fenge og tapte. Dei vart hardt straffa då dei kom attende til Crassus.

Seinare grov Crassus eit stort dike som sperra Spartacus frå lett tilgjengelege forsyningar. Men Spartacus skal etter Plutarcos ha greidt å få ein tridjepart av heren sin yver diket i ei myrk vinternatt. Det let kor som er til at Crassus gjennom avskjeringane greidde å kløyva den store armeen til Spartacus. Etter eit hardt sluttslag vart alle slavane kring Spartacus nedkjempa. Det var vandslegt å samla slavane under ein solid leidarship. At Spartacus meistra det so lenge som han gjorde er kannhenda vel so interessant som at han til slutt vart utsett for mytteri og revoltar. Ettertida hev late seg fascinera av korleis Spartacus kunde greida å stå fram mot yvermakti. Romarane var korkje mentalt eller militært fyrebudde på noko slikt, og det gjekk lang tid fyre dei innsåg ålvoret. Lærdomane etter Spartacus-uppreisten må ha vore viktig for at slavehandelen skulde kunna halda fram og verta betre utbygt.

Under keisartidi var adminstrasjonen betre utbygd både sentralt og ikkje minst ute i provinsane. Korrupte tenestemenner vart avsette. Armeen vart betre kontrollert og kunde disponerast på det mest fyremålstenlege viset. Dersom det kom gjetord um nye slaveuppreistar, visste styremaktene kva dei skulde gjera.

Spartacus hev vorte ein symbolsk figur i ettertid. På 1700 talet vart det skrive eit skodespel med utgangspunkt i Spartacus sitt liv. Forfattaren var franskmannen Bernard Joseph Saurin. Han let til og med dotteri til Crassus verta hugteki i Spartacus. I Lessings og Grillparzers dramatikkk symbolisera han motstand mot tyranni. Frimurarane adopterte honom som ein fridomshelt i kampen mot katolisismen. Nasjonalistiske gruppor identifiserte seg med honom på 1800-talet.

I den sosialistiske arbeidarrørsla nytta dei Spartacus som symbol på alle heroisk klassekamp gjennom tidene. Både sosialdemokratlar og kommunistar rekna dei antikke slaveuppreistane som epokegjeringande hendingar i verdssoga. I Sovjetunionen vart Spartacus ein superhelt, og han vart framsteld i bilete som ein variant av Jesu krossfesting. Idrottsleikane i Aust og Sentral Europa vart kalla for Spartakiadar.

Kristendomen og slavehald

Det er ingenting ved innføring av kristendomen som let til å påverka folk flest si oppfatning av slavehandelen. Den fyrste kristne keisaren Konstantin gav løyve til sers umfemnande valdsutøving mot slavane. I ei lov gav han slaveigarar løyve å slå, piska og setja lekkjor på den ufrie arbeidskrafti si. Berre i heilt ekstreme høve vil han segja at slaveigarane gjer noko ulovleg. Det er:

-Um eigaren slær i hel ein slave med ein hard kjepp, ein stein eller eit våpen.

- Um han let slaven verta hengd, forgiftar slaven eller syter for at slaven vert kasta utfor eit stup.

- Um han utset slaven for straff som berre staten kann døma slaven til, til dømes let villdyr slita slaven til døde med klør eller

brenner slaven på bål.

- Um han let slaven verta pint i hel.

- Um slaveeigaren piskar ein slave til døde eller slær han med anna utstyr enn ovanfor.

Er slaven sin daude valda ved eit arbeidsuhell, er det i orden og må akseptert. Det som derimot er ulovlegt er å drepa ein slave med fritt forsett.

Fleirtalet av dei kulturar og samfund som hev vore kristne dei siste 2000 åri hev utan tvil godteke slavehandel. Bibelen tek slavehandel som ei naturleg livsovring. Men menneski er likeverdige for Gud um dei er slavar eller frie. I Efeserbrevet og Kolosserbrevet vert det slege fast at slavar og herrar skal visa einannan ymsesideleg kjærleik og umsyn (Ef 6:5,9 og Kol 3:22, 4:1). Både millom jødar og kristne var det utenkjelegt å fordøma ufridom som ei ovring. Ovringi

var godt innarbeidd og vart oppfatta som ei naturleg ovring.

Harrison meiner det er uråd å finna fram til døme på at slavehandel vart kritisert eller gjort meir humant etter at kristendomen vart innført. Men det kann vera at kristendomen førde til at fleire slavar vart frivgjevne av di det å sleppa slavar fri vart rekna for ei høgverdig og from gjerning som rikfolk gjerne vilde gjera. Kyrkja fekk i alle fall rett til å gjeva slavar fridomen i kyrkja, men Harrison meiner dette berre tyder at kyrkja hadde vorte integrert i den juridiske råma som slavesystemet hadde og ikkje at det var ynskjeleg for prestane å driva med masseutfriing av slavar.

Siste bolken av denne bokmeldingi kjem i neste utgåva av bladet (nr 1. 2008). Red.

Jolastemning

Av Lars-Toralf Storstrand

"Kom no unga', so skal dôke få vera med på noke kjekt", ropar eg. Det er heilstilt i huset, enno eit bil. Men augneblinken etter romlar det i små og litt større føter som kjem rausande ned trappene i gamlahuset. Alle som ein veit dei kva det er som skal henda. Det er vetle jólakvelden, og hjå oss held me gode sedar i hevd.

Ætti vår er gamal. Me hev ættlistor som fortel at garden me bur på voro i ætti vår lenger enn fem hundrade år, og trettan ættledar attende. Trulegt endå lengre, men det er vandt å finna prov frå oldtidi av. Men viktugare er det at her til gards hev me alltid halde fast ved gode skikkar, sedvanar og erveminne. Me lagar til dømes all maten sjølv. I minsto det meste. Grønsaker og sovore handlar me vel frå andre, for me dyrkar ikkje slikt sjølv. Me er med andre ord mest sjølvberga.

"*Dette med erveminne - og gode sedar er vel kann henda årsaki til at eg hugsar so godt det som eg hev tenkt å fortelja um. Same kor klisjévore det kann høyrast ut, hugsar eg siste jøli hennar oldemor; dykkar oldemor altso*", segjer eg til ungane. Um eg fær lov, vil eg gjerne fortelja um den spesielle opplevingi - um erveminne og andre gode minne, um anger, men mest av alt gleda yver jólastemningi i augo hennar oldemor. Korleides det no hadde seg, hev me alltid byrja jólafyrebuingi tidleg hjå oss. Me hev alltid havt smale, og sidan eg var liten hev me drive eige bygdaslakteri, for både oss sjølve og for mange av



Kjelda: historyimages.com

grannegardane, og stade for å levera pinnesidor til dei lokale butikkane, sidan pinnakjøtt er den hevdvunne jólamaten her ikring. Det hev aldri vore umsetnadsvanskar hell'. Dessutan lagar me smalehovud. Men me skåldar og vindturkar kjøttet i staden for å røykja det - so som andre stader.

Når kakelinna kom nokre dagar fyre jol, eg hugsar det so vel, stod både farmor og oldemor tidlegt upp for å byrja bakingi. Me var so heppne at me hev eige bryggjarhus - og der vart det bålfiert heile natti gjennom for å gjera det høvelegt for baking av allslag kakor. Oldemor tok seg alltid av serinakakone, med knuste nærter og gaflamynster på. Farmor laga smul-

tringane. Elles laga dei krumkakor, ristoppar og kokosmakroner. Når kvelden kom og alle kakesortane var vel i hus, bar det inn på kjøkenet for å laga delfia-kake. Ingen kunde laga delfiakake som ho oldemor. Same kor tynt stykkje ein skar, var det alltid anten gelé eller Per-kjeks i, og sjokoladen smelta på tunga som den hugnaden berre delfiakaka kann gjeva.

Når skitnesundagen kom var me heime heile dagen kvar og ein, og gjorde

**Hugsa
bladpengane!**

- viktugaste innkomekjelda vår -

siste grovarbeidet fyre jøl, og dette var òg dagen då me åt siste smalehovudsmiddagen det året. Aldri smalehovud etter skitnesundag, var regelen, og hjå oss vart slike reglar halde i hevd.

Eit anna erveminne var dette med jolatreet. Eg kann ikkje ha vore gamle karen då får min fyrste gongen tok meg med i skogen for å finna ei høveleg fura. Heime hjå oss bruka me alltid fura, aldri gran. Men det var helst av di me ikkje hadde brakje som kunde brukast. Eg hugsar framleides korleides får min sagde "dette med gran, guten min, det er visvas. Det er used å bruka gran åt jolatre". Òg slik som får min gjorde, held eg sjølv erveminnet i hevd, og vil føra det vidare til mine egne born.

Når treet var vel heime i skūten, vart det ståande der fram til vetle jolaftan. So um kvelden, når me ungane hadde krope under dynone og ljøset var sløkt og me sov som dei små englane me var, pynta dei vaksne treet og gjorde alt reidugt til dagen etter. Jolatreet vart alltid pynta med både farga kulor, stjerna i toppen, norske flagg, glitter og korgjer og ljøs. Eg hugsar ikkje minst korleides ho oldemor sette seg ned med oss ungane og klyppte og limte og lærde oss å fletta korgjer og lekkjor som me pynta heile huset med. Det var mest drusteleg. Ikkje utanlandsk-drusteleg, rett nok, men med drust og dramb som seg høver ei norsk jolafeiring. Me hadde ikkje ljøs yveralt utanfyre huset, men innandørs var det mest som i ei eventyrstova.

Kveldane fyre jøl, fyrr me små skulde leggja oss til å sova, samla ho oldemor oss alltid kring stolen sin der ho sat, slik som de sit her kring meg no. Ho pla sitja der og spyta eller brodera til utlodninga på jolatrefesten, tridjedagen. Eg hugsar enno korleides me sat der med augo store som tallerkane i besteservis. Det var det dekketyet som alltid hekk i stativ på veggen og glima - og som berre vart henta ned til jøl, nyttår og store familieendingar.

So kunde ho bestemor mi, nei, oldemor dykkar, meiner eg, fortelja oss um då dei slakta og um korleides dei laga både pylsor og annan jølemat. Ja, dei laga jamvel jølagåvene sjølv. Gjentone karda, spann, spøta og sydde eller vov. Gutane lærde seg treskurd, snikring og onnor handverk som den gongen vart rekna vanlegt for gutar. Men eg hugsar jamvel korleides oldemor fortalte meg at ho, endå ho var jenta, hadde masa seg til å få vera med på jakt ein haust. Får hen-

nar skaut ein ovstor krunhjort det året. Det er det hovudet som heng på veggen i bestestova, veit de.

Ein annan gong såg ho oldemor sjølvaste fjøsnessen. Rett nok var det berre eit lite glimt i ei raud topphuva, for han pilsprang burt i det same bilet ho og mor hennar var ute i løda med grautfatet. Det var alltid det siste dei gjorde fyrr dei alle sette seg i kanen, godt tildekte med skinnfellar og køyrde kanefart til kyrkja med hest og brennande faklar - og dombjellor som spela attåt med englemusikk.

For oldemor var det serleg tvo ting ved jøli som stod henne serskilt nær. Det eine var snjoen. Ingi jøl utan snjo. Ingi jølastemming utan dombjelleklang. Men etter di ho vart eldre vart det meir sjeldan å uppliva den delen. For det fyrste vart det mindre snjo med åri. Stødt oftare kom jolaftan utan den stemningsfylde snjoen - og med kvart vart hestane bytte ut med traktor. Rett nok stend kanene framleides ute i gamleløda, men det vert ikkje same sjarmen å køyra kane med traktor fyre.

Men det som var verst for henne oldemor var saknet av dombjelleklengen. Englemusikken, som ho kalla honom. Difor lagde me stødt sterkare vinn på å halda dei hine skikkane i hevd.

Til dømes gjekk me alltid kring jøletreet og song jolasongar. Men fyrst hadde bestefar lese jølaevangeliet. Jølaf-tan var på meir enn ei vis ein dag som skilde seg ut frå alle andre dagar. Denne dagen åt me middagsmat heile tvo gonger, i staden for ein. Fyrst åt me graut midt på dagen - og so sjølv jølamiddagen etter at me kom heim frå kyrkja.

Ein gong, eg trur kann henda eg var fem år, hugsar eg at eg sat på fanget hennar oldemor og sagde: "*Eg lika ikkje pinnakjøl eg. Det smaka so gysla sterkt atte. Eg vil ha' pylsa*".

"*Det er ingjen so lika pinnakjøl ovanfor nasen,*" svara oldemor, og fortalde oss med yvertyding at pinnakjøl 'smaka so sterkt' fyrr at det skulde minna oss om at Jesusbarnet var blitt fødd og lagt i ei krubba. "*Sterk mat skal minna oss um sterke hendingar og sterke sanningar,*" sagde oldemor, ålvorsamt.

Den jøli åt eg pinnakjøl likevel, jamvel um eg spedde på med pylsa òg. Heimelaga pylsa, som oldemor hadde laga sjølv. Ikkje billegt krimskrams frå store fabrikkar, men laga etter ei gamal opprit som ho hadde ervt av mor si, og gav vidare til bestemor - og som eg trur mor hev fenge læra òg.

Det vart stilt då Knut-Ove, vetleguten min, såg på meg og sagde: "*Eg lika pinnakjøl eg, pappa! Men eg vil no hav' pylsa òg,*" sagde han med veslevaksi røyst og såg meg beint i augo. Det var vetlevaksen filosofi i det blikket, og eg skyna at jamvel um visdom fyrr mangskuld kjem med alder, so kann det vera mykje visdom i eit lite barnesinn med.

Ja, den som trur at ein femåring er for liten til å tyggja på store tunge spørsmål hev truleg vakse upp på fattigmannskost for si sjel og ånd, segjer mor mi, der ho no sit i gamlestolen og spytar. Men eg lova eg skulde fortelja um siste jøli hennar oldemor, gjorde eg ikkje? Alle ungane kring meg nikkar. Attum meg knitrar det i peisen. Det er godt og varmt i heile huset.

Eg hev fortalt um erveminne og andre minne. Eg hev fortalt um gleda. Men no skal eg fortelja dykk um noko som både hev plåga meg og gledd meg i mange år. Ikkje fordi det var gale i seg sjølv, men fordi eg dulde sanningi um ei sak for oldemor.

Det var på sjølvaste jolaftan. Eg trur det må vera året fyre bestefar døydde det, eg var ikkje retteleg vaksen sjølv, 18 vintrar gamal og med fersk ljøseraud lapp i setleboka. Kann henda var det ungdomen som gjorde det lettare fyrr meg å dylja sanningi? Vel, her kjem det.

Då me vakna på jolaftansmorgonen var det skirande kaldt. Men snjoen hadde enno ikkje meldt seg. På vérmeldinga hadde dei meldt at det skulde snjoa, og eg hugsar bestemor gledde seg som eit lite barn - so viktug var jølasnjoen for henne. Vel var det lite mogleg at dombjellone kom til å lyda, men snjoen var i minsto lova. Og den stilla som snjoen hev med seg når han søkk yver landet på jolaftan er onnorleides enno all anna stilla.

Men enno fanst ikkje snjofilla på bakken, og timane spurta mot jøl, som hadde dei hinmannen i hælane.

Då me kledde på oss for å køyra til kyrkja um ettermiddagen hadde dei fyrste snjoflogi so vidt byrja å dala. Til all lukka hadde me stor bil med firehjulsdrift so me kom oss godt fram til kyrkja, jamvel um det - innan me nådde kyrka - lava ned som det sjeldsynt hadde gjort fyrr. Då eg hjelpte oldemor ut or bilen der uppe ved kyrkja, hadde det alt lagt seg nokre centimeter - og det var meir eller mindre kvitt allstad.

Etter gudstenesta var ferdug,

måtte eg kosta eit dugelegt snjolog av bilen, medan far hjelpte oldemor inn att i bilen - og me kunde køyra heimatt. Nede på riksvegen såg me blinkande guljós frå brøytebilen hans Olav Skara, som var ute og skrapa vegane, fyrr jólafreden fekk lov å søkka inn.

Det snjoa korso framleides, men hadde minka litt i drevet. Far vilde ikkje lata meg køyra då. Han var redd det var for glatt, og at eg hadde for liti røynsla med glattkøyring. Han køyrde sjølv so varsamt at bilen snigla seg oppetter vegen og til sist fekk me oldemor og dei hine trygt innandørs og ned i godstolane.

Eg kunde sjå ho oldemor smila då. Snjoen var komen. Jólafreden hadde sokke yver hus og hytta. Ho var sjelegrad der ho sat, oldemor. Det var berre eitt som vanta - og det var dombjøllone.

Englemusikken. Men ein kann ikkje få alt ein ynskjer seg her i livet, hugsar eg tidt ho sagde.

Då me hadde fenge varmen i oss alle saman, flutte me oss inn i bestestova, den som berre hev vindaug mot baksida åt huset, og sette oss til bords for å eta jólamiddagen. Jølaevangeliet, var lese på vanleg vis, og då me etterpå sat der i stilla og venta på pinnakjøtet, kunde me alle tydeleg høyra honom. Nærare og nærare kom ljoden av - dombjøllor. Kunde det verkeleg vera dombjøllor? Ekte englamusikk?

Vilkårslaut snudde me oss alle og kjeik på ho oldemor. Ho smilte med heile likamen der ho sat. Ho hadde høyrte dei ho med. No ringla det kraftig idet fylgjet med dombjøllone fór forbi huset og kvarv burt med di dei gjekk vidare oppet-

ter vegen.

"Det var den beste jólagåva eg kunde fenge. No kjenner eg på meg at det verkeleg er jøl, nett som då eg var liti gjenta," sagde ho.

Sjølv hadde eg reist meg stilt og gjenge ut i kjøkenet for å kika i vindauga og sjå um eg kunde sjå kvar denne mest himmelske gåva av jólafred og jølstemning kom frå. Eg kunde ikkje heilt fata at einkvan var ute og køyrde med hest og kane so seint på jólaftan, og dessutan var det ingen her i bygdi som hadde hest lenger. I alle fall ikkje det eg visste om.

Det var då eg vart vår at englar ikkje alltid stend fram i lysande kvite klede og med vengjer. Det hender dei køyrer brøytebil med slake snøkjettingar på...

Tusundårsskiftet og ein uavhenta lottokupong

Av Thoralf Bergwitz

Det var ein "besnærende" tankje at tusundårsskiftet kjem fyrst den fyrste januar tvo tusund og ein (1.1.2001) som ein klok mann hev komi fram til.

Ordet "besnære" tyder "å fange i snare". Me kann lett koma til å lata oss fange i snare - jamvel av våre egne ord. Sjå til dømes i notisen um den "uavhenta lottokupongen" i Vesttelemark blad for torsdag den 7.januar i år 2000.

Fyrst dette med ein "uavhenta lottokupong".

Höt er det som er so dramatisk med ein uavhenta lottokupong?

I teksten under yverskriften so kjem det fram at det er nok ikkje kupongen som er uavhenta. Nei, det er noko ovisa mykje meir verdfullt enn kupongen som er uavhenta - det er sjølve premien eller vinsten som er uavhenta. Og hald dykk no fast - for dette er noko heilt einesåande stort!

Det er tale um 1.911.450 millionar kronur!

Kann nokon tenkje seg ein sum med so mange millionar kronur?

Som me ser, so dreier det seg um kloss på tvo millionar millionar kronur - 2.000.000.000.000 kronur - dersom me skal tru at det er sant!

Ja, so var det år-skiftet ved år tvo tusund - eller er det fyrst ved år tvo tusund og eitt me fær tusundårsskiftet?

Når me tel upp til dømes eitt hundrad dagar, so tek me til med å telje den fyrste dagen klokka 0001 minutt yver midnatt det fyrste døgeret. Denne dagen held seg som den fyrste dagen heilt til neste midnattes bél. Fyrst ved passering av midnatt nummer tvo kjem dag nummer tvo. No hev me



tölt den fyrste dagen.

Soleis må det vera for dag nummer ni og nitti òg.

Dag nummer ni og nitti tek til ved midnatt millom åtte og-nittiende og niognittiende dagen. Den niognittiende dagen varer til dag nummer eitt hundrad tek til. Og dag nummer eitt hundrad varer til dag nummer eitt hundrad og ein tek til - dvs. ved midnatt ved slutten av dag nummer eitt hundrad. Då er me ferduge med eitt hundrad dagar. Det vil segja - dei nye hundraddagane tek til med dag nummer eitt hundrad og ein, basta!

Soleis tek me òg til med eit nytt tusundår ved inngangen til år tvo tusund og eitt - ikkje ved inngangen til år tvo tusund!

Det vil m.a.o. segja at me feira det nye tusundsåret eit år for tidleg. Eller er det ikkje rett likevel?

Hev me greidd å rekne gali?

Lat oss sjå på vår eigen alder.

Höt tid er det me fyller eitt år?

Eg tarv visseleg ikkje segja meir - for det er då verkeleg etter at me hev livt eitt år!

Og me hev ikkje livt eitt hundrad år fyrr det siste året - år nummer eitt hundrad - er ferduglivi!

Eit nytt hundradår tek difor ikkje til fyrr dei fyrste hundradåri er gjennomlivde - det vil segja - til og med det siste - det som tok til då det ni og nittiende året var ute (var gjennomlivi) - og som tok slutt eitt år seinare.

Dette tykkjest vera so vandskeleg at det må takast upp att - dei fyrste hundrad åri er ikkje farne fyrr ved utgangjen av det siste av dei eitt hundrad åri - det vil segja ved utgangjen av år nummer 100!

Det gjeld sameleides med året 1000. Me er ikkje ferduge med desse eitt tusund åri fyrr ved slutten av år eitt tusund. Det nye året - som er det fyrste året i eit nytt tusundår - det tek difor ikkje til fyrr me tek til å skriva 2001!

Det må difor vera tindrande klårt at me feira det nye tusundsåret eitt år fyre me var inne i det nye tusundsåret - som kom fyrst den fyrste januar 2001.

Når me då veit - at me - alle folki på planeten vår - tok i miss - når det gjaldt å telje til tvo tusund - kva kann me då verta vill-leidde til - med nær sagt kva som helst?

Kann hende me burde stogge upp - av og til - og tenkje litt på eigi hand?

Kvantemekanikken i kvardagen

Av Olav Torheim

Sume av dykk vil kann henda protestera på valet av yverskrift. For i dagleglivet klarar dei fleste av oss lenge med den klassiske mekanikken. Og godt er no det. For i den klassiske mekanikken er verdi greid og logisk. I den moderne fysikken er det ikkje so logisk lenger, men tvert um sers lite intuitivt. Sume av dykk kjenner kann henda Einstein-sitatet "Gud spelar ikkje med terningar". Bakgrunnen for sitatet var at Einstein i si tid ikkje var viljug til å godtaka den nye kvantemekanikken, som ikkje var av deterministisk, men av statistisk, natur.

Den fyrste upptakti til kvantemekanikken kom då Planck konstaterte at strålingi frå ein svart lekam var kvantisert, med energi $E = hf$, der h er Planck-konstanten og f er frekvensen åt den elektromagnetiske bylgja. Seinare synt De Broglie at den same formelen galdt for elektroni med. Partiklar kunde modellerast som bylgjor og bylgjor kunde modellerast som partiklar. Det vart med tidi klårt at grunnlaget var lagt for ein heilt ny type mekanikk.

Dette høyrst kanskje sers teoretisk og abstrakt ut, og det er det med, men samstundes gjeld det sume av dei mest jordnære ovringane som me hev ikring oss. Lat oss byrja med noko so konkret som dei faste stoffi - metalli til dømes. Handverket metallurgi hev vore kjent i tusundtals år, men den grunnleggjande kunnskapen um korleis dei faste stoffi er bygde upp hev vorte verande ukjend heilt upp til moderne tid. Tenk berre på kvasivitskap som alkemi og jakti på "de vises sten". Korleis skal ein forklåra fenomen som elektrisk leiingsevna, varmekapasitet og varmeleiing i eit fast stoff? Kvifor er sume stoff isolatorar og andre halvleidarar eller metall? Som me skal sjå er desse problemi klassisk uforståelege.

Å gjera greida for alle dei matematiske utleidingane attum kvantemekanikken hadde fylt heile bladet, og mange hadde nok falle av lasset med kvart. Eg skal i staden freista å gjeva dykk ei forklåring som eg trur kann vera intuitiv nok til at de klarar å hengja med.

Frielektron-gass

Heilt frå J.J Thompson i 1897 uppdaga elektronet, var det liten tvil um at det var denne partikkelen som var årsak til metalli sine gode elektriske og termiske leiingsevna, og det tok berre 3 år fyre den fyrste metallteorien kom. Det var Paul Drude sin modell med ein einfeldt klassisk rørsleteori for ein gass av

elektron. Her tenkte ein seg at dei lausast botne elektroni i metallet (valenselektroni) flaug fritt ikring i metallet, som i ein gass: Elektroni vekslerka ikkje med einannan, men utveksla kinetisk energi med di dei kolliderte med dei tunge atomkjernane.

Frielektron-teorien forklårar greidt den elektroniske leiingsevna åt metalli, og kann nyttast til å utleida Ohms lov for ein elektrisk motstand, men han greider ikkje å forklåra kvifor elektroni yter so lite til varmekapasiteten i metalli, og det samstundes med at dei yter det viktugaste tilskotet til den termiske leiingsevna. Han greider helder ikkje å forklåra kvifor sume faste stoff er metall, og andre halvleidarar eller isolatorar.


Frielektron-teorien var soleides i stand til å forklåra mykje, men det var framleis mange merkelege eksperimentelle resultat som ikkje svarta til frielektron-teorien.

Det neste store stiget var Sommerfeld si innføring av kvantestatistikk for elektroni, der den frie elektrongassen vart modellert som det me i dag kallar ein Fermi-gass. Og bitane fall endelegt på plass med Bloch som korrigererte modellen med umsyn til at elektroni flutte seg i eit periodisk potensial.

Fonon - kollektive gittervibrasjonar

Når me fyrst skal gå inn i problematikken, er det greidast å byrja i ein ende, so lat oss byrja med varmekapasiteten. Som me skal sjå hev denne med si naturlege kvantemekaniske forklåring:

I eit metall heng atomkjernane saman i ein krystallstruktur. Det eksisterar både tildragingskrefter og fråstøytungskrefter millom elektroni, og ei fyrste ordens tilnærming kann soleides vera å modellera atomkjernane i krystallgitteret som ei samling av kuler knytte saman med elastiske fjører (sjå figur 1). Um ein set upp differensiallikningssettet for eit slikt system, kann ein sjå at atomkjernane hev kinetisk energi og potensiell energi i tri dimensjonar kvar. Ut frå vanleg klassisk Boltzmann-statistikk skulde kvar fridomsgrad svarta til ein gjenomsnittsenergi på $\frac{1}{2} kT$, der k er Boltzmann-konstanten og T er temperaturen, oppgjeven i Kelvin. I sum skulde kvart atom difor ha gjenomsnittleg termisk energi på $2 * 3 * \frac{1}{2} kT = 3kT$. Dei frie elektroni som einast hadde tri dimensjonar med kinetisk energi, og ingen dimensjonar med potensiell energi, skulde yta $3/2 kT$. For eitt mol skulde varmekapasiteten verta Avogadros tal, N , multiplisert med $(3kT + 3/2kT)$. Men i staden synt alle observasjonar at varmekapasiteten



Figur 1. Atomi i ein krystallstruktur kann upp til andre orden modellerast som eit system av kulor og fjører.

var mykje mindre ved låge temperaturar, og han flata ut ved um lag $3NkT$ for dei høge. Kva var grunnen til at varmekapasiteten var temperaturavhengig, og kvifor gav ikkje elektroni noko nemnande tilskot til varmekapasiteten?

Svaret finn ein um ein i staden for å modellera atomkjernane klassisk, modellerar gittervibrasjonane som ein sum av sokalla eigenmodar, der kvar eigenmode er ein kvanteharmonisk oscillator. Dei kvanteharmoniske oscillatorane hev energi $n * h * w_0$, der w_0 er frekvensen åt den einskilde eigenmoden og h er Planck-konstanten. Talet n er eit heiltal, og dette talet fortel oss kor mange fonon det er i kvar eigenmode. Eit fonon er ein slags kvasi-partikkel som vert nytta til å kvantisera energien i gittervibrasjonane. Innanfor kvantemekanikken høyrer fononi med til dei sokalla bosoni, partiklar som ikkje fylgjer det sokalla Pauli-prinsippet og som hev heiltaligt spinn. Medan molekyl i ein gass fylgjer Boltzmann-distribusjonen, fylgjer bosoni den sokalla Bose-Einstein-distribusjonen, og med denne er det råd å syna at ein lyt yver ein kritisk temperatur, som varierar frå stoff til stoff, for å få lineær samheng millom temperatur og tal på fonon i dei ulike modane. Med Bose-Einstein-statistikken kann ein soleides forklåra kvifor sume av "fridomsgradene" i den klassiske Boltzmann-statistikken vert frosne ut ved låge temperaturar.

Når det kjem til elektroni, er det, som me alt hev vore inne på, eit anna prinsipp som må innførast, Paulis eksklusjonsprinsipp. Det segjer at ein ikkje kann ha meir enn tvo fermion pr kvantetilstand (og elektron er fermion). Når temperaturen er låg, ligg elektroni tett i tett på dei lægste energitilstandi. Som regel er Fermi-energien (den høgste energien elektroni i metallet kann ha ved temperatur på null Kelvin) mykje høgare enn kT , difor er det berre nokre fåe elektron som vert tilførde meir termisk energi. Elektroni sitt tilskot til varmekapasiteten ved moderate temperaturar kann soleides neglisjerast.

Elektron - frå partiklar til bylgjor

Med Schrödinger-likningi for eit fritt elektron vert ein partikkel modellert som ein kompleks bylgjefunksjon. Um me modifiserar bylgjefunksjonen slik at eit periodisk potensial, gjeve av tiltrekkjingskreftene åt atomkjernane i materialet, vert modulert inn i bylgjefunksjonen, fær me straks ein meir realistisk modell. Ein slik bylgjefunksjon vert kalla for ein Bloch-funksjon. Um ein set Bloch-funksjonen inn for bylgjefunksjonen og løyser Schrödinger-likningi, fær ein ut eit sett med energiar som elektronet kann ha. Det syner seg då at det for sume energiar ikkje eksisterar bylgjeliknande løysingar. Elektroni vert lokaliserte i sokalla band, og millom dei ulike bandi er det energigap der partiklane ikkje hev lov til å vera. På toppen av energigapet fær me eit sokalla leiingsband og på botnet av energigapet eit valensband.


Når bandstrukturen er komen på plass, er det lett å forklåra skilnaden i elektrisk leiingsevna millom dei ulike stoffi:

I eit metall er ikkje leiingsbandet fylt opp, eller valensband og leiingsband hev yverlappande energiar. Det skal soleides lite energi til for å flytja eit elektron frå ein stad i leiingsbandet til ein annan stad.

I ein isolator eller ein halvleidar er heile valensbandet fylt opp med elektron. Dette kann berre skje um talet på valenselektron pr atom er eit heiltal (jamfør Pauli-prinsippet um at det er plass åt tvo elektron pr kvantetal). Um energigapet upp til leiingsbandet er stort, er stoffet ein isolator. Er gapet lite, kann sume av elektroni få termisk energi til å hoppa upp i leiingsbandet og verta lei-dande elektron, som i eit metall. Desse stoffi kallar me halvleidarar. Sjå figur 2.

Mikro- og nanoteknologi - halvleidarlasar


Når ein arbeider med mikro- og nanostrukturar, er ikkje dei kvantemekaniske effektane til å koma frå. I skalering av transistorar i integrerte krinsar, til dømes, er dei kvante-



Figur 2. Bandstrukturen i ein halvleidar.

mekaniske effektane vortne eit stort problem, sidan tunnelleffektar i gateoksidet skapar stødt større lekkasjestrøumar. Ein partikkel som møter ein potensialbarriere, vert i klassisk mekanikk alltid reflektert. Men i kvantemekanikken er det eit endelegt sannsyn for at partikkelen kjem til å "tunnellera" gjennom barrieren. Kor stort sannsyn det er for ein slik tunnelleffekt, skil seg på høgdi og breiddi åt barrieren.

Den kvantemekaniske laseren er døme på ein ny teknikk som utnyttar dei kvantemekaniske effektane. Her vert ulike material, med kvar sine bandstrukturar, kopla i hop slik at ein fær dana sjikt der yvergangane millom dei ulike bandgapi er med og danar potensialbrunnar der elektron og hol kann verta fanga (når eit elektron vert eksitert frå valensbandet til leiingsbandet, segjer me at det er vorte dana eit elektron-hol-par, der det vantande elektronet i valensbandet vert modellert som ein positivt ladd, fri partikkel. Sjå figur 3). Desse elektroni vil normalt vekselverka med fononi (dei kvantiserte gittervibrasjonane) ikring seg, og soleides tapa meir og meir energi, til dess at dei hev stabilisert seg på eitt av dei lægste lovlege energinivåi som er tilgjengelege i potensialbrunnen (hugs at energien er kvantisert, og det berre er lov med tvo elektron pr kvantetilstand). Um desse grunnstilstandselektroni no rekombinerar med



Figur 2. Potensialbrunn dana i det tvo material med kvar sine bandstrukturar, AlGaAs og GaAs, vert slutta saman. Som me kann sjå vert det i GaAs-sjiktet dana ein potensialbrunn der elektron og hol let seg fanga. Når dei rekombinerar, sender dei ut foton med energien som svarar til bandgapet i GaAs.

ledige hol i valensbandet, vert den frigjorde energien sendt ut som eit foton (hugs at ljøs er både partiklar og bylgjor). På denne måten kann ein byggja opp laserstrålar med godt kontrollerte bylgjelengder. Og um ikkje dette var nok so kann det ut frå kvantemekanikken visast at ein fær den tettaste tilstandstettleiken kring grunnstilstandsenergiane um ein byggjer upp dei nemnde materialyvergangane som sokalla "kvantedotter". Det vert i desse dagar gjort mykje forskning innanfor prosessteknologien på korleides ein kann byggja opp best mogleg kompakte og kontrollerte kvantedotter.

Kjeldor

C. Kittel. Introduction to solid state physics, Wiley, 1976.

P. C. Hemmer, Faste stoffers fysikk, Tapir, 1987.



NYNORSK
ANTIQUARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

Makti attum makti

Av Olav Torheim

Per Aslak Ertresvåg
Makten bak Makten
Koloritt Forlag, 2006

Kvifor vert norske politikarar i Europa rekna som "dei flinkaste i klassen", der dei stødt skal måta seg etter EU-regelverket, jamvel um det norske folket tvo gonger på rad hev sagt nei til å vera med i den europeiske unionen? Kvifor vert dei ulike nasjonalstatane stødt dikterte med nye og detaljerte regelverk frå internasjonale institusjonar, slik det byrja med GATT og seinare held fram med WTO, utan at det vert noko røynelegt offentlegt ordskifte kring det som gjeng fyre seg? Det er berre utviklingi som gjeng sin gang, heiter det, og maktesløysa og vonløysa breider um seg millom folk flest. Men kann det vera at det finst ein plan attum det heile, som berre eit fåtals menneske verkeleg kjenner til?

Ein global konspirasjon

"Verdenshistorien slik den blir fortalt er falsk", heiter det på baksida åt "Makten bak makten". "Makten bak makten" er skrivi av den pensjonerte journalisten Per-Aslak Ertresvåg, som på 80-talet etablerte og bygde upp den norske deildi åt det internasjonale pressebyrået Inter Press Service. Boki handlar um "Den nye verdsordenen", eller globaliseringi som det heiter i daglegtala, der det er ei liti gruppa av styrtrike maktmenneske som dreg i trådane - og som hev halde spelet sitt gåande i minst nokre hundrattals år, skal me tru Ertresvåg. Globalistane hev stade attum den franske revolusjonen, dei lagde grunnlaget for den fyrste og den andre heimskrigen, dei hev organisert og tent seg rike på det økonomiske sambrotet i 1929 og dei hev jamvel finansierte både kommunismen og nazismen. Denne løynde, konspiratoriske brorskapen vert av Ertresvåg umtala som Illuminati og skal ha vorte skipa i Bayern i 1776, men sume hævdar at dei hev røter endå lengre attende. I programmet åt Illuminati ligg det millom anna at dei ynskjer å avskipa nasjonalstatane og demokratiet og innføra ei verdsregjering. Dei er dessutan sterke motstandarar av kristendomen. Den konspiratoriske verksemden deira vart for fyrste gongen nækt då ein av kurerane deira bokstavelegt tala vart råka av lynet, og umfemnande planar for korleides den



franske revolusjonen skulde gjennomførast kom for dagen.

Sidan den gongen hev Illuminati vunne stødt sterkare fotfeste, ikkje minst med di dei hev havt kontroll med bankane og dimed vore i stand til å manipulera med økonomien i dei ulike landi. Den russiske revolusjonen vart millom anna gjennomført med umfemnande økonomisk studnad frå bankeigarar og forretningsfolk i Vest-Europa, og som dokumentasjon på dette syner Ertresvåg til at store mengder gull seinare vart førde ut or Sovjet-samveldet som vederlag. På same måten var det storkapitalen i England - millom erkefiendane, skulde ein normalt tru - som stod attum oppbyggjningi av Nazi-Tyskland. For Illuminati er det viktugt å ha ein fot innanfor bae læger, og for bankane hev det alltid lønt seg å binda nasjonalstatane upp i nye og store, kostesame krigar.

Illuminati i dag

Ertresvåg kjem i byrjingi av boki so vidt innum amerikanske Patriot Act, vedteki i kjølvatnet åt 11. september 2001, som av kritikarane vert skulda for å vera eit ålvorlegt inngrep i borgarrettane åt det amerikanske folket, og eit nytt stig på vegen mot å gjera USA til ein autoritær politistat. Her syner Ertresvåg millom anna til det faktum at kritiske senatorar gjekk frå nei til ja etter å ha motteke brev med miltbrannsporar i posten - milt-

brannsporar som seinare kunde først attende til eit militært amerikansk forskningslaboratorium. Ertresvåg kjem likevel ikkje noko nærare inn på det store utvalet av konspirasjonsteoriar som elles florerar kring 11. september, slik han til dømes kunde ha gjort med grunnlag i dokumentarfilmjar som "Loose change" eller dei til den amerikanske journalisten Alex Jones, der det utruleg nok vert hevda at 11. september skal ha vore ein "inside job" som amerikanske styresmakter sjølve stod attum.

Og det er i grunnen litt underlegt at Ertresvåg ikkje hev fylgt dette faret vidare, ikkje minst når me veit at det stødt vert fleire som dreg den offisielle forklaringi på 11. september i tvil. Innringjingsprogram på kanalar som CNN syner at det faktisk er eit fleirtal i det amerikanske folket som trur at styresmaktene held attende informasjon um det som hev hendt, og konspirasjonsvideoane um 11. september hev i mange månader vore øvst på nedlastingstoppen åt netstader som Google Video. Dersom det var slik at Illuminati i si tid hadde interessa av å byggja upp under den kalde krigen, og tente seg rike på våpenkapplapet, burde det for ein konspirasjonsteoretikar ikkje vera mindre grunn til å tru at konflikten millom Vesten og fundamentalistisk islam kunde verta den neste konfrontasjonen som den globale makteliten ynskjer å fyra upp um. Og at vestleg etterretning i det som vart kalla Operation Cyclone var med på å byggja upp islamsk fundamentalisme i Sentral-Asia, som ein lekk i arbeidet med å destabilisera Sovjetunionen, er då allereide godt dokumentert. Kann henda det alt den gongen var klårt for globalistane at kommunismen var på veg ut, og at den kalde krigen laut avløysast med ein ny og endå meir fundamental konflikt? Slik er det i alle fall moglegt å spekulera...

Indre og ytre sirkjar

Det er trulegt berre eit par hundrad personar som kjenner heile maktspelet åt Illuminati. Den inste kjernen, dei som veit alt, skal vera eit lite nettverk av rike familiar i USA og Storbritannia, familiar som gjennom mange hundradår hev halde kontakten gjennom sams interessor innanfor bank og finans. Vidare finst det ei rad ytre sirkjar, der informasjon og føringar

vert porsjonerte ut til dei rette personane. Som ein av dei ytre sirklane kann ein nemna tenkjetankar som Council Of Foreign Relations og dei årlege Bilderberg-konferansane. I sistnemnde konferanse hev jamvel norske topp-politikarar som Torbjørn Jagland og Gro Harlem Brundtland vore med - mot lovnad um å ikkje fortelja noko slag til media. Steinar Bastesen frå Kystpartiet freista i si tid å taka denne problematikken opp med stortingspolitikarane, men han vart som kjent råka av slag og partiet hans utradert og sett ut or spel etter indre kiv. Dei som vil må gjerne spekulera vidare um kvifor det...

Folketalet skal ned

Millom planane som denne løynde eliten syslar med gjeld det millom anna å få redusert folketalet på jordi, og ein greid måte å gjera dette på er kort og godt å freista øydeleggja helsa vår. Dette vert millom anna gjort med ymse slags forskning som hev bringa fram nye og fårlege sjukdomar som AIDS, Ebola og Sars.

Dei fleste forskarane ser ut til å vera samde um at AIDS var heilt ukjent i Afrika fyre 1975. Um det er slik at det var smitte frå ein ape som førde til AIDS, kunde ein venta at sjukdomen var utbreidd millom pygmear og buskmenn, men faktum er at det tvert um er folk i byane som hev vorte hardast råka. Ein kjenner dessutan ikkje til at det hev vore apar millom fangane i fengsel i USA, men likevel var homofile fangar i amerikanske fengsel millom dei fyrste som fekk AIDS. Den amerikanske forskaren Leonard Horowitz er millom dei som hævdar at AIDS vart spreidd i Afrika gjennom ei koppevaksina og i amerikanske fengsel med ei hepatitt B-vaksina.

Ertresvåg fortel vidare um at det finst ein farmasøytisk mafia som målrett arbeider for å hindra alternativ medisin i å vinna umdøme. Ertresvåg syner millom anna til at det alt på 30-talet vart drive vellukka krefthandsaming med elektromagnetiske frekvensinstrument, utvikla av amerikanske Royal Rife, men mannen attum denne suksesshistoria vart knust av det økonomiske og medisinske maktapparatet. Grunnen til det heile var truleg at metoden var altfor effektiv, altfor billeg og utan biverknader. Dei store farmasøytiske selskapi skyna soleides at dei ikkje kom til å tena pengar på den nye kreftkuren. At det årlegt døyr ein halv million menneske av kreft, berre i USA,



Den fyrste Bilderberg-konferansen vart halden i 1954.

hadde mindre å segja.

Vatn og privatisering

Internasjonale organisasjonar som FN, WTO, Det internasjonale pengefondet og Verdsbanken er alle instrument som Illuminati nyttar til å vinna globalt hege- moni, skal me tru Ertresvåg. Eit døme på dette er den økonomiske slavebindingi av land i den tredje verdi, der dei nemnde organisasjonane tvingar gjennom store "strukturendringar" som motytingar for økonomisk hjelp og studnad. I festtalone handlar det um å gjera økonomien i desse landi meir effektiv, men som oftast er det tala um reint utsal av verdfulle ressursar til private, multinasjonale selskap. Som eit døme nemner Ertresvåg korleides styresmaktene i Bolivia vart pressa til å selja det offentlege vassverket sitt, og lata det London-baserte firmaet International Water taka yver styngi. I åri fyreåt hadde ein internasjonal vasslobby, organiserte i privatfinansierte tenkjetankar og forum av ymist slag, argumentert med at vatnet var ein avgrensa ressurs som burde privatiserast slik at det kunde få den "rette" marknadsøkonomiske verdien sin i høve til andre varor.

International Water lagde eit sterkt press på økonomien åt dei fatige bøndene, som laut ut med vassavgifter som svara til tridjeparten av årsinntektene deira. Dropen som fekk begeret til å flyta yver var at firmaet jamvel gjorde det ulovlegt for dei fatige bøndene å samla opp regnvatn på eigi hand. I Cochabamba-distriktet førde forbodet til spontane protestar, men desse vart møtte med massive militære motåtak. Seks menneske vart drepne og eit hundraddtals andre vart såra i samanstøytane. Endskapen på alt uppstyret vart likevel at styresmaktene gav etter og bad International Water um å avvikla verksemd i si. Privatiseringssaki i Bolivia vart soleides eit døme på at det faktisk nyttar å taka opp kampen mot globaliseringskreftene.

Konklusjon

Ertresvåg freistar i liten mun å føra prov for dei mange påstandi sine, men hev inkludert ei rik lista yver kjeldor og referansar for dei som vil grava meir i materialet på eigi hand. At boki er eit klassisk konspirasjonsverk er det liten tvil um, og det er nok av kritikarar som hev avvist heile boki på dette grunnlaget, og som ikkje ein gong idest å diskutera dei konkrete påstandi som vert sette fram. Ein av dei fåe som hev teke Ertresvåg-boki opp til seriøs dryfting er historikaren Øystein Sørensen. Men Sørensen er sjølv aktuell med boki "Den store sammensvergelsen", der han tek fyre seg konspirasjonsteoriar av ymist slag, og ikkje uventa konkluderar han med at Illuminati-organisasjonen og det verdsufemnande spelet deira høyrer heime i fantasiverdi.

Um det er noko i dei mange påstandi som Ertresvåg set fram, er det sjølv sagt viktugt at sanningi kjem fram, slik at ein kann finna fram til ein strategi som ein kann møta den globale makteliten med. Men um det ikkje finst noko allmechtig Illuminati som er yver alt og dreg i alle trådar, kann konspirasjonsteoriane tvert um få den motsette verknaden - passivasjon - for er det serlegt mange som vågar eller i det heile ser vitsen i å taka opp kampen mot fatigdomen, miljøproblemi eller EU dersom ein hev ein so allmechtig og usynleg fiende i mot seg, ein organisasjon kontrollert av verdens rikaste menneske og med verdens sterkaste militærmakter og etterretningstenestor i ryggen? Dei som framleis skulde vera interesserte kann lesa boki og døma sjølve. Um ikkje anna so er boki hans Ertresvåg ein greid syntese av dei vanlegaste konspirasjonsteoriane som hev vorte sett fram gjennom tidene. Men um berre ti prosent av det som stend her skulde vera sant, so er det i seg sjølv skræmmande nok.

Kven er det vondt viljande mennesket?

Av Thoralf Bergwitz

Er det Arne Myrdal, eller er det Blitz-ungdomen? Er det "Oluf" Arntsen, eller er det Gunnar Prestegård? Er det Kyrre Bremer, Ludvig Nessa og Børre Knutsen, eller er det "abortforkjemparane" - dei "bestialske mordarane"? Er det "ja til EU"-folket, eller er det "nei til EU"-folket? Er det "kommunistane", eller er det "kapitalistane"? Er det muslimane, eller er det dei kristne? Er det palestinarane, eller er det israelittane? Er det dei homofile? Eller er det oss heterofile? Var det Khomeini, eller var det sjahan av Persia? Var det Somosa, eller var det Pinochet? Var det Qisling, eller var det "Jøssingane"? Var det Hitler, Mussolini og den japanske keisaren? eller var det president Truman (som let atom-bombune falle)? Var det Stalin, eller var det Leonid Bresjnev? Var det tsaren av Russland eller var det Napoleon? Var det pave Innocens 3. - han som lyste kong Sverre i bann og var andsvarleg for kjettarforfylging og masakrering av dei sokalla albigenserane? Eller var det Nicolae Ceausesco i Romania?

Eller er det kann hende dei som fører falsk vitnesbyrd imot næsten sin? Eller er det dei som dømmer på grunnlag av sladder, forvrengde sanningar og falske vitnesbyrd? Eller er det dei som driv psykisk terror mot han som er utsett for sladder og falske vitnesbyrd?

Spursmålslista vil ingen ende taka. Verden er full av vondskep - det hev han vore so lengje verden hev vore til(!), og det vil han vera so lenge verden vil vera til(?).

Det er visse eigenskapar ved oss menneskje som er tolleg like. Den eine er - som Albert Einstein ein gong sa: "Menneskjet er av naturen indolent eller lat. Dersom det ikkje vert eggja eller inspirert av noko, so vil det etter kvart té seg som ein automat og slutte heilt á tenkje. "Vanetenking" kallar sume det.

Ein annan eigenskap som stort sett er felles - og det er at me helst vil lata att augo for slikt som me ikkje ynskjer á sjá.

Ein tredje eigenskap som er sers utbreidd - den tykkjest høyre med i vår kultur - og det er divergerande meiningar um han er medfødd eller um han er eit resultat av miljø - um det er ein slags indoktrinering. Eg talar um den eigenskapen at me gjerne framhevar våre(tenkte) motstandarar som vondkynde skapningar - jamfør "bestialske mordarar".

Ein fjerde eigenskap er at me hev ein tendens til á uppfatte våre egne meiningar som den absolutte sanning, og ofte dømmer me våre medmenneskje ut frá det - på både godt og vondt.

Vanetenkingen gjev ein viss stabilitet som kann hindre for bráe umveltingar i det indre kjenslelivet vårt, men er fárleg for den menneskelege aktiviteten som strir for ei stendig betre verd.

Á lata att augo for det me ikkje ynskjer á sjá, kann vera turvande for i det heile á greide á liva. Ingen kann greie á bera all verdens sorger på herdane sine. Eg tenkjer på alt det skræmelege som gjeng fyri seg på planeten vår. Men vanetenkingen er ein fáre for at me ferer vill - og soleis ofte gjerer alt anna enn det som rett er, dvs. gjeng i fáre for á gjera mykje vondt og urett mot våre medmenneskje.

Det á uppfatte egne meiningar som rette, er viktig for at me i det heile vert i stand til á handle - til á taka ei avgjerd. Men me ser visseleg fáren i á taka i miss - og soleis gjera noko urettvist og jamvel vondt mot både våre medmenneskje og andre skapningar på jordi.

Á sjá på (dei tenkte) motstandarane våre som vondt viljande skapningar - er truleg årsaki til det meste av vondskep som florerer millom oss menneskje. Læra um det vondt viljande menneskjet gjev oss moralsk rett til privilegier. Det gjev oss moralsk rett til á fara fram med hard hand mot våre medmenneskje. Det gav Paven rett til á lemleste og utrydde kjettarar, det gav kyrkja rett til á torturere og taka livet av "hekser", det gjev Ku Klux Klan rett til á terrorisere og lemleste svarte medborgarar, det gav Hitler og hans bande rett til "á hevne krossfesting av Kristus", det gav dei kvite magthavarane i Sud-Afrika rett til sine privilegier - og i á hindre dei svarte i á fá sine menneskerettar. For den som "tek affære" hev alltid eit ædelt motiv! Han er forsvarar av det "som rett er" - vern av den "rette tru", vern av det "rette" politiske system, forsvarar av "dei uskuldige og hjelpelause", "forsvarar av det ufødde liv".

Det er sjølvsagt au det ædle motiv - og tankjen um at me er ædle og rettskafne som gjerer at me férer ut i verden - til Afrika og andre heidningeland for á frelse desse "vonde" menneski - som ikkje er som me er - og lærer dei um "den vonde hug i deira hjarto" - gjerer dei lik oss - som verkeleg er gode og velmeinte menneskje.

Arne Myrdal, Ludvig Nessa og Børre Knutsen er typiske døme på folk som strir for den "gode sak". Ingen midlar tykkjest vera for sterke - anten det er dynamitt, trestokkar - eller skuldingar som "bestialske mordarar". Trur me at dei gjerer dette av verkeleg vond vilje? Og trur me verkeleg at

abortforkjemparane strir for si sak av vond vilje? At dei verkeleg er "bestialske mordarar"?

Læra um det vonde menneskjet kann forsvarast ut frá at det vilde vore umogleg á organisere uppreist mot ein Hitler, ein Stalin, ein Somosa, ein Pinochet, eller ein Ceausesco - um dei ikkje var á uppfatte som vondt viljande menneskje. Men dá er me inne i den vonde sirkelen - som aldri gjerer slutt på vondskep.

Me som var på den rette sida under krigen kunde tillate oss - ja det var vår skyldnad - á terrorisere både tyskarar og nazistar og "stripute" det meste me makta. Den form for framferd som me hadde fordømt - og som me streid imot i krigsdagane - den tok me sjølve i bruk etter kapitulasjonen. At me helst ikkje vil vedkjenne oss dette, gjerer ikkje røyndomen um inkje. Men det me gjorde - det gjorde me fordi me meinte det var både rett og rettvist. Me var reidskap i ei "rettvis landssvikuppgjerd", ei landsvikuppgjerd som me aldri tykkjest greide á gjera upp. Jamvel det som vart karakterisera som landsvik i "fridomsdagane" i 1814 heng enno att i visse publikasjonar og soleis i medvitte hjá mange av oss - mange som me burde vente meir av enn det som er tilfellet. Dette siste er utgangspunktet for den utgreiding som her vert lagd fram for álmenta - den boki som hev titelen "Var domen rettvist?"

No når me etter kvart fær augo upp for at me er i ferd med á drukne i vårt eige søppel, er iferd med á øydeleggje livet på vår eigen planet - er det no von um at me skal sjá at me siglar i ei felles skute - at me i røyndi hev sams interessur i hopetal - for ikkje á segja - i eitt og alt? Er det dá von um at me skal greide á taka livet av den gamle tesen um det vondt viljande menneskjet? Den som meiner at timbermannen frá Nasaret er opphavsmannen til læra um det vondt viljande menneskjet - menneskjet som "kjenner den vonde hug i hjarta sitt" - han bør lyde litt nærare etter i meistarens ord i til dømes Thomasevangeliet. Kan hende me dá kann fá upp augo for at visse domar gjennom saga ikkje hev vore heilt rettvise. Framlagde bok er ein freistnad på á rette søkeljoset mot serskilt dei hendingane fyri, under og eftir året 1814 og soleis noko av det som førde fram til vårt eige sjølvstende med vår eigen forfatning. Kann hende det er mogleg á sjá med nye augo på sumt av det som til no er rekna for á vera "historiske sanningar"?

B

PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGA
PP.

NORGE / NOREG

ISSN-1503-2469

25 år med vikingrock

Av Lars Moe

Sverige er eit land for seg sjølv når det kjem til musikk - og her tenkjer eg på meir enn berre svensktoppar. Tak progg til dømes, som dei fleste assosierar med progressiv rock. I Sverige ligg ikkje proggen i melodi-ane, men i tekstene, der "progg" kort og godt er populærmusikk med sokalla "progressiv" tekstmateriale - som det til Bjørn Afzelius og Mikael Wiehe i Hoola Bandoola Band eller andre vinstretradikale artistar.

Medan proggen hadde si stordomstid på 70-talet, var det 80- og 90-talet tid for ein ny sersvensk musikksjanger - den sokalla vikingarocken. Helder ikkje her er vikingrock heilt det same som elles i Europa. I Noreg og Vest-Europa elles tenkjer ein helst på metalband som Enslaved eller Bathory når det er tala um vikingar, men i Sverige er vikingarocken kort og godt ein slags streetpunk - iblanda element frå folkemusikk og tradisjonell popmusikk - der tekstene er fokuserte på svensk saga, vikingtid og fedrelandskjærleik.

Millom kjende vikingarockegrupper i dag, kann ein nemna Ultima Thule, Røde Orm, Mjølner, Eldgrim og Nidhöggs Vrede. Tekstene åt vikingarockegruppene handlar for det meste um nordisk mytologi, svensk saga og krigarkongar som Karl den tolvte, men som regel ikkje heilt utan meir eller mindre løynd kritikk av tilhøve i dagsens Sverige. Det handlar dessutan um å standa upp for det ein trur på, og ikkje bøygja nakken for dei politisk korrekte (og berre det er ein raud klut for mange nok).

Det er gruppa Ultima Thule frå Södermanland som vert rekna som grunnleggjarane av vikingarocken, og i år feirar dei 25-årsjubileum. Gruppa er det fyrste og einaste vikingarockebandet som hev makta




Foto: ultimathule.se

å koma inn på hitlistone og gjera kommersiell suksess - etter at dei i 1993 fekk platekontrakt med den kjende manageren Bert Karlsson. Med eit mainstream-plateselskap i ryggen gjekk platesalet so det suste, og fyre 1994 var umme, hadde alt tri av platone deira selt til gull. Avtala med plateselskapet fekk likevel ein brå slutt etter at massemedia byrja å grava i fortidi åt bandet. Her vart det millom anna drege fram at debutplata deira hadde kome ut på tyske Rock-O-Rama, eit plateselskap som var kjent å gje ut punkrock frå artistar med ekstreme politiske haldningar. Dei hadde dessutan fenge økonomisk studnad til fyrste singelen sin ("Sverige, Sverige, fosterland", 1984) frå den innvandringskritiske organisasjonen "Bevara Sverige Svenskt".

Ultima Thule er kontroversielle, og mange hev freista stempla gruppa som ekstremistar, men det hev ikkje vore so lett å få stempelen til å sitja. Medlemene i Ultima Thule hev aldri nekta for at dei hev bakgrunn som punkarar og skinheads - miljø som ofta vert assosiert med ekstremistisk tankegods - men sjølve hævdar dei at

dei einast er nasjonalistar og patriotar. Um ikkje svenskar skal få lov å syna vyrndnad for eige opphav, so vert det verre å syna andre respekt for deira identitet og serdrag, argumenterar dei, og attendeviser på det sterkaste skuldningane um at dei skulde vera eit rasistband. Då ei gruppa nazistar møtte upp på ein konsert i 2001, reagerte bandmedlemene tvert og avbraut heile konserten: "Den här låten var tillägnad skinheads och inte några j... nassar," var siste ord fyre dei marsjerte frå scenen.

Etter å ha vorte sparka frå plateselskapet sitt, hev Ultima Thule nytta tidi til å byggja upp sitt eige plateselskap, Ultima Thule Records. I Nyköping hev dei bygt upp eit nytt studio frå grunnen av, og herifrå hev både gamle og nye vikingarockegrupper spela inn og gjeve ut platone sine (som til dømes norske Glittertind). Ultima Thule og andre vikingarockegrupper spelar dessutan på den årvisse Kuggnäs-festivalen, og det finst ein vikingrock-radio på internetet, valhalla-radio.se, som det kann vera forvitnelegt å taka turen innum.

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Ynskjer du å verta sitert, so seg noko du ikkje burde ha sagt.

Ukjent opphav